



LINDÅS KOMMUNE



# **Lonena**

## **Lindås kommune**

### **Områdereguleringsplan**

#### **Konsekvensutgreiing**

#### **Sosial infrastruktur**

Datert: 19.02.2019 rev. 06.05.19

## Innhold

1.	Innleiing .....	3
2.	Overordna planar og retningsliner .....	3
3.	Datagrunnlag og metode.....	4
4.	Utgreiingsområda.....	5
5.	Folketal og befolkningsutvikling .....	8
6.	Kapasitet for sosial infrastruktur.....	9
6.1.	Barnehage.....	10
6.2	Barneskule .....	11
6.3	Ungdomsskule .....	12
6.4	Idrettsanlegg.....	13
7.	Avbøtande tiltak .....	14
7.1	Barnehage.....	14
7.2	Barneskule .....	14
7.3	Ungdomsskule .....	14
7.4	Idrettsanlegg.....	14
8.	Oppsummering og konklusjon .....	15

## 1. Innleiing

I forbindig med områderegulering i Lonena, er det utført ei konsekvensutgreiing (KU) av sosial infrastruktur i samsvar med planprogram vedtatt 28.06.2017. KU-en viser korleis venta befolkningsvekst påverkar kapasiteten til barnehage, skule og idrettsanlegg innanfor utgreiingsområda for dei ulike tema, og kvar behov for utviding av sosial infrastruktur slår ut.

Områdeplan Lonena legg i hovudsak opp til bustad og friområde. Planen legg også opp til kombinerte føremål med bustad/ offentleg- eller privat tenesteyting/ kontor. Byggeområda har detaljplankrav. Vurdering av type bustad og tal på bueningar må vurderast i detaljplan. Dette gjer noko usikkerheit i høve talet på bueinigar planen legg opp til.

Denne KU-en for sosial infrastruktur er utarbeidd i samarbeid mellom Lindås kommune og Opus Bergen AS.

## 2. Overordna planar og retningsliner

Statlege planretningsliner (SPR) er nasjonale forventningar til planlegging, som kommunen skal leggja til grunn i planlegginga si. Dette er heimla i plan- og bygningsloven (tbl) § 6-2. Det finns i tillegg lover og dokument på statleg, regionalt og kommunalt nivå som gjer premissar og føringer for temaet. Her følger ei oversikt over dei mest aktuelle planar og retningslinjer for temaet sosial infrastruktur:

Statlege planretningsliner (SPR):

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Lover som angår temaet:

- Plan- og bygningsloven
- Diskriminerings- og tilgjengeleghetslova (universell utforming)
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Lov om barnehagar (barnehagelova)

Kommunale og fylkeskommunale planer:

- Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag – 2008-2012
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 – Fleire gode levekår for alle
- Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024
- Kommunedelplan 2017-2029 – Samfunnsdelen

Opplæringslova § 8.1 seier at grunnskuleeleverne har rett til å gå på den skulen som ligg nærmest eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Samtidig er det både nasjonale, regionale og kommunale mål om å skape meir tette, kompakte bydelar kor trafikken blir redusert til eit minimum. Dette vil leggja føringar for oppføring og plassering av nye skule- og barnehagebygg.

Mål nummer ein i samfunnssdelen til kommuneplanen er at regionsenteret skal vere ein attraktiv og levande bye for heile Nordhordland. For å følgje opp dette målet, lyder strategi nummer fem som følger *Legge til rette for offentleg og privat tenesteyting i Knarvik sentrum og omland* (Lindås kommune, 2017b)

Skulebruksplan Kommunedelplan for skule 2012-2020 og barnehageplanen 2012-2015 er ikkje oppdatert til situasjonen i dag, og er derfor ikkje lagt til grunn for vurderinga.

### 3. Datagrunnlag og metode

I analysen som følgjer er det tatt utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sin folketalsprognose frå 2018. Dei historiske innbyggjartala fordelt på alder og grunnkrets i Lindås kommune syner at den geografiske fordelinga har endra seg svært lite dei siste 20 åra. Innbyggjartala for prognosa er derfor fordelt geografisk og demografisk etter den historiske fordelinga, med noko justering for skulekrinsen Knarvik. Knarvik skulekrins sin andel av befolkninga auka med 5 % i denne analysen, fordi det er venta at en større andel av befolkninga vil bu i Knarvik skulekrins fram i tid. Bakgrunnen for denne avgjerdna er forklart i avsnittet «Folketal og utvikling».

Kapasiteten i dag og i framtida er vurdert basert på informasjon om kapasiteten i dag og folketalsprognosane skildra over.

Det er ikkje vurdert kva effekt utbygging av Lonena vil ha på folketalsutviklinga i Knarvik eller Lindås kommune som heilskap. Usikkerheitene knytt til detaljregulering og realisering av planen er for store til at ei slik prognose kan gjerast på ein god måte. For det første er det ikkje stadfestat kor mange, eller kva typar bustadar som skal byggjast i planområdet. For det andre er det uklart kva tid utbygginga skjer. Ein veit heller ikkje i kva grad utbygginga av Lonena vil påverke andre utbyggingsområde i Knarvik eller Lindås kommune elles. Dersom bustadane i Lonena kjem i tillegg til anna bustadbygging i Knarvik og kommunen, er påverknaden på folketalet ein annan enn viss utbygginga skjer i staden for anna bustadbygging i krinsen.

For at utbygginga av Lonena skal gje utslag utover prognosane i dette dokumentet, må den føre til eit brot med dei historiske trendane som prognosane i er basert på. Anten må tilflyttinga til Lindås bli høgare enn føresetnadane som ligg til grunn i fylkeskommunen sine folketalsprognosar, eller så må den interne flyttinga i Lindås kommune endrast meir i favør av Knarvik skulekrins. Begge deler kan skje, men det er vanskeleg å spekulere i omfanget av slike endringar.

I staden for å gjøre folketalsprognosar basert på usikre føresetnadane om konsekvensane av planframlegget, vurderer ein kapasiteten i barnehagar, barneskule, ungdomsskule og idrettsanlegg på grunnlag av fylkeskommunen sine prognosar og justerer denne etter historisk fordeling mellom skulekrinsar og demografi. I tillegg er det lagt til eit scenario der innbyggjartalet i Knarvik skulekrins i framtida utgjer fem prosentpoeng meir av innbyggjartalet i Lindås enn kva tilfellet er i dag.


Kapasiteten til idrettsanlegget er basert på *Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024* (Lindås kommune, 2015) samt mogleghetsstudiane - *Regionalt kulturhus og badeanlegg i Knarvik* (Lindås kommune, 2017) og *Knarvik idrettspark, mogleghetsstudie for utviding av eksisterande idrettsanlegg* (Lindås kommune, 2018).

#### 4. Utgreiingsområda

Utgreiingsområda er berekna etter skulekrinsar. Tema i denne rapporten er fordelt på to utgreiingsområder.

Utgreiingsområde 1:


Dei fleste barn i alderen 1-12 år nyttar barnehage og skule i eigen skulekrins. Unntaket er 11% som går i barnehage i Knarvik skulekrins, men er frå ein annan skulekrins. Desse er tatt med i berekningane, som forklart i avsnittet om barnehage. Likevel begrensar utgreiingsområdet for tema barnehage/barneskule seg til Knarvik skulekrins.



## **Figur 1 Utgreiingsområde 1, tema barnehage og barneskule (Knarvik skulekrins)**

## Utgreiingsområde 2:

Ein veit at elevar frå Knarvik, Alversund-, og Seim i tillegg til 1/3 av elevane frå Leiknes skulekrins, går på Knarvik ungdomsskule. Derfor strekk utgreiingsområde 2 seg over alle desse nemnde skulekrinsane.



Figur 2 Utgreiingsområde 2, tema ungdomsskule. (Seim, Alversund, Knarvik og Leiknes skulekrinsar)

For tema idrett er det ikkje hensiktsmessig å avgrense eit utgreiingsområde. Det er fleire som reiser over skulekrinsane og over kommunegrenser for å nytte idrettsanlegget i Knarvik. Som idrettspark i regionsenteret er det venta at denne trenden vil auke.

## 5. Folketal og befolkningsutvikling

Lindås har lenge hatt sterk folketalsvekst, som følgje av høg tilflytting og innvandring til kommunen. Sidan dei fleste innvandrarar og tilflyttarar er unge, har dette bidrige til at befolkninga som heilskap er ung. Det har ført til at også fødselsoverskotet (talet fødslar minus talet dødsfall) er høgt i Lindås. Prognosane for framtidig folketal er basert på føresetnadar om at dei historiske trendane for flytting, migrasjon, dødsfall og fødslar i kommunen held fram. For Lindås har folketalsprognosane dermed lenge vore svært positive.

Dei siste åra har likevel tilflyttinga og innvandringa vore noko lågare enn tidlegare. I 2017 var utflyttinga høgare enn tilflyttinga i Lindås kommune, for første gong sidan 2009. Det same var tilfelle per tredje kvartal i 2018. Desse utviklingstrekkja er blitt reflektert i nedjusterte folketalsprognosar. I 2013 syntte folketalsprognosene til Hordaland fylkeskommune at Lindås ville nå om lag 19 500 innbyggjarar i 2030. I den nyaste prognosene, frå 2018, er dette justert ned til om lag 17 800. Folketalsprognosa for perioden 2018-2040 gjer ein venta vekst på 20 %, medan veksten dei førre tjue åra var 27 %.

Knarvik den største tettstaden i Lindås kommune. Per juni 2018, budde 19% av kommunen sine innbyggjarar i Knarvik skulekrins. Tal på bustadbygging dei siste ti åra (2008-2018) viser at 25% er bygd i Knarvik skulekrins. Som regionsenter i Nordhordland er det venta at ein større del av den framtidige veksten i kommunen vil skje der.

## 6. Kapasitet for sosial infrastruktur

I dei følgande avsnitta vert kapasiteten til sosial infrastruktur vurdert i høve barnehage, barneskule, ungdomsskule og idrettsanlegg. Alle tema ligg i nærleiken av planområdet, i Knarvik skulekrins, som vist i kartet under.



**Figur 3** Oversiktskart som viser plassering av barnehagar, skular og idrettspark i høve planområdet

## 6.1. Barnehage

I Hordaland fylkeskommune sin folketalsprognose frå 2018 er det venta at talet born mellom 1-3 år i Lindås vil auke frå 1019 i 2018 til 1116 i 2040, ei auke på til saman 97 born. Alle barn går ikkje i barnehage, men tilbodet bør dimensjonerast for at alle kan gjere det, og det er som ein føresetnad. Barn mellom 1 og 5 år busett i Knarvik skulekrins utgjer 15 % av barna i denne aldersgruppa i Lindås kommune i dag. Men barna som går i ein av dei tre barnehagane i Knarvik utgjer i dag heile 26 % av barnehagebarna i Lindås kommune. Årsaka til at fleire barn går i barnehagane i Knarvik enn talet på barn i alderen 1-5 år i skulekrinsen, at foreldre med arbeidsplass i Knarvik vel å ha barnehageplass i nærleiken av arbeidsplass.

I tråd med normen er det sett som føresetnad at arealkrava innandørs for born mellom 1-3 år er 5,3 kvadratmeter, og 4 kvadratmeter for born mellom 4-5 år (Regjeringen, 2006). Den fyrste tabellen viser den venta utviklinga i barnetal og arealbehov dersom busetjingsmønsteret blir som i dag, då 26 prosent av barna mellom 1 og 5 år i kommunen går i barnehage i Knarvik. Den andre tabellen viser scenarioet der denne andelen aukar med fem prosentpoeng, til 31 prosent.

		Prognose			
		2018	2025	2035	2040
<b>Barn i Knarvik barnehagar (Scenario med 26% av total)</b>	<b>1-3 år</b>	159	158	169	172
	<b>4-5 år</b>	106	105	115	117
	<b>Sum barn 1-5 år</b>	<b>265</b>	<b>263</b>	<b>284</b>	<b>288</b>
<b>5,3 Kvadratmeter per barn</b>	<b>1-3 år</b>	843	835	897	909
	<b>4-5 år</b>	423	420	459	467
<b>Sum kvadratmeterbehov</b>		<b>1266</b>	<b>1255</b>	<b>1356</b>	<b>1376</b>

Tabell 1. Tal på barnehagebarn for Knarvik skulekrets, gitt at barnehagane i Knarvik får same andel av barnehagebarna i framtida som i dei siste åra.

		Prognose			
		2018x	2025	2035	2040
<b>Born i Knarvik barnehagar (Scenario med 31% av total)</b>	<b>1-3 år</b>	159	188	202	205
	<b>4-5 år</b>	106	125	137	141
	<b>Sum barn 1-5 år</b>	<b>265</b>	<b>313</b>	<b>339</b>	<b>344</b>
<b>5,3 Kvadratmeter per barn</b>	<b>1-3 år</b>	843	996	1070	1099
<b>4 kvadratmeter per barn</b>	<b>4-5 år</b>	423	501	547	557
<b>Sum kvadratmeterbehov</b>		<b>1266</b>	<b>1497</b>	<b>1616</b>	<b>1641</b>

Tabell 2. Tal på barnehagebarn for Knarvik skulekrets, gitt at barnehagane i Knarvik får ein større andel av barnehagebarna i framtida samanlikna med dei siste åra. X: Scenario med 26% er medrekna befolkningstalet for 2018, då ein veit at auken med 5 % ikkje har skjedd enda, men reknar med den vil skje fram i tid.

Det er tre barnehagar i nærområdet til planområdet. Nedanfor viser ei oversikt over kor stort areal dei er godkjent for. Juvikstølen barnehage grensar til planområdet i sørvest. Knarvik barnehage AS ligg i Lonsvegen, om lag 250 meter i luftlinje frå planområdet i søraust. Haugen barnehage ligg i Knarvik sentrum, lengre unna planområdet, om lag 900 meter i luftlinje sør for plangrensa i sør. Samla har barnehagane ein restkapasitet på 375m<sup>2</sup>.

Tek ein utgangspunkt i føresetnaden om at andelen barn som går i barnehage i Knarvik aukar til 31 % (tabell 2) gir det 316 barn i 2018, noko som gav eit samla arealbehov på 1510m<sup>2</sup>. Som tabellen under viser, er barnehagane i Knarvik skulekrins godkjend for til saman 1644m<sup>2</sup> i dag. Dette gjer barnehagane ein kapasitet på 375m<sup>2</sup> i 2018, dersom ein samanliknar godkjent areal med sum kvadratmeterbehov basert på Hordaland fylkeskommune sin prognose frå 2018 – utan å tilføre ei auke med 5 prosentpoeng.

Den venta veksten gjer eit større arealbehov i framtida, men det er ikkje før i 2040 at det venta arealbehvoet (1641 kvadratmeter) når den øvre grensa for kapasitet på 1644 kvadratmeter. Kommunen er opplyst om at barnehagedekninga må aukast i Knarvik med den venta befolningsvekst, men det er ingen konkrete, formelle planar om ny barnehage i Knarvik dag.

Barnehagar i nærområdet, Knarvik				<b>Sum</b>
<b>Namn på barnehagen</b>	Juvikstølen barnehage	Haugen barnehage	Knarvik barnehage AS	
<b>Eigarform/type</b>	Kommunal	Kommunal	Privat, kristen	
<b>Kor mange m<sup>2</sup> godkjend for, inneareal</b>	694	350	670	<b>1644</b>

Tabell 3. Tal på innandørs barnehageareal barnehagane i Knarvik skulekrets er godkjend for.

## 6.2 Barneskule

Den same metoden er nytta for å anslå det framtidige talet skuleborn i Knarvik skulekrins. Det er tatt utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sin folketalsprognose som viser at talet innbyggjarar mellom 6 og 12 år vil halde seg mellom 1480 og 1574 i Lindås kommune frå 2018-2040. Vidare er det føresett at andelen av desse som tilhører Knarvik skulekrins vil auke med 5 prosentpoeng

samanlikna med nivået i dag, som er 15 prosent. Dermed reknar ein med at 20 prosent av barneskulebarna i Lindås kommune soknar til Knarvik skulekrins (15 %+5% =20%).

	Prognose			
	2018	2025	2035	2040
<b>Barn 6-12 år</b>				
<b>Lindås kommune</b>	1557	1480	1531	1574
<b>Knarvik skulekrins (Scenario med 15 % av total)</b>	234	222	230	236
<b>Knarvik skulekrins. (Sceario med 20 % av total)</b>	311x	296	306	315

Tabell 4. Tal på barneskuleelevar for Knarvik skulekrets, gitt at barneskulen i Knarvik får same andel av barneskuleelevane i framtida samanlikna med dei siste åra kontra 5% auke i andelen.

X: Scenario med 15% er medrekna befolkningstalet for 2018, då ein veit at auken med 5 % ikkje har skjedd enda, men reknar med den vil skje fram i tid.

Barneskulen i Knarvik har god kapasitet i dag. Ny skule skal vere klar for innflytting i løpet av 2019, om lag 300 meter frå planområdet i sør. Denne skulen er godkjend for 450 elevar. Tabellen over viser at skulen har god kapasitet fram til 2040, der den vil ha ein overkapasitet på 135 elevar (450-315=135 elevar).

### 6.3 Ungdomsskule

Hordaland fylkeskommune sin folketalsprognose viser at talet på innbyggjarar mellom 13-15 år vil auke frå 637 til 672 i Lindås kommune frå 2018-2040 åra.

Dei siste åra har ein andel på 53 % av elevane i kommunen gått på Knarvik ungdomsskule, som består av skulekrinsane Seim (7%), Alversund (27%), Knarvik (20%) og Leiknes (1/3-del – 3,5%). I framtida reknar ein med at andelen av denne aldersgruppa i Knarvik skulekrins vil stige med 5 prosentpoeng, noko som gjer Knarvik ungdomsskulekrins 58 % andel av ungdomsskuleelevane i framtida (53+5% =58%).

Tabellen under syner prognose for tal på ungdommar i alderen 13-15 år i Knarvik ungdomsskulekrins.

	Prognose			
	<u>2018</u>	<u>2025</u>	<u>2035</u>	<u>2040</u>
<b>Ungdom 13-15 år</b>				
Lindås kommune	637	680	641	672
<b>Knarvik ungdomsskulekrins (Scenario med 53 % av total)</b>	338	360	340	356
<b>Knarvik ungdomsskulekrins (Scenario med 58 % av total)</b>	338x	394	372	390

Tabell 5. Tal på ungdomsskuleelevar for Knarvik ungdomsskulekrets, gitt at ungdomsskulen i Knarvik får same andel av ungdomsskuleelevarane i framtida samanlikna med dei siste åra kontra 5% auke i andelen.

X: Scenario med 53% er medrekna befolkningstalet for 2018, då ein veit at auken med 5 % ikkje har skjedd enda, men reknar med den vil skje fram i tid.

Knarvik ungdomsskule har i dag ein kapasitet på om lag 360 elevar (450 elevar med paviljong), og er rekna for å vere full i dag. I følgje tabellen over vil skulen nå kapasiteten på 360 elevar før 2025, når det vil vere 394 ungdomsskuleelevar i ungdomsskulekrinsen, og skulen vil ha ein underkapasitet på minus 34 elevar (360 elevar utan paviljong – 394 elevar = -34 elevar).

Det er satt av areal for utviding av ungdomsskulen i områdeplan Lonelva Juvikvarden, vedtatt 2011. Men det er ikkje satt i gang detaljplan for utvidinga per dags dato.

## 6.4 Idrettsanlegg

Denne KU-en vurderer idrettsanlegget Knarvik idrettspark som grensar til planområdet. Turvegen Brekkeløypa inngår i KU for friluftsliv.

Knarvik idrettsanlegg har tre fotballbanar med kunstgras- ein sjuarbane og to ellevarbanar. I tilknyting til ellevarbana, er eit sprintfelt på 60 meter fast dekke og hoppegrop. Idrettsanlegget har også ein fleirbrukshall, Nordhordlandshallen. Nordhordlandshallen inneheld ein handballbane (40\*20 meter), trimsal og klatrevegg.

Lindås kommune ligg over landsgjennomsnittet for idrettsanlegg til friidrett og fotball. Likevel er det uttrykt behov for utvida fotballanlegg i dei sentrale delane av kommunen. Men først og fremst er det behov for eit sentralt symje/badeanlegg. (Lindås kommune, 2016). Det er også knapt med parkeringsplassar ved idrettsarrangement.

Intensjonsavtalen for Alver kommune seier blant anna at Alver kommune skal arbeide for å realisere eit felles regionalt kulturhus. Det er gjennomført ei moglegheitsstudie for kulturhus med badeanlegg i 2017. Moglegheitsstudien anbefaler lokalisering i Knarvik sentrum, ved området som i områdeplan for Knarvik er regulert til torg, om lag 650 meter sør for planområdet (Lindås kommune, 2017a). Ein rekner med at tomteplassering blir bestemt i løpet av våren 2019.

Det er også utarbeidd ei moglegheitsstudie for Knarvik idrettspark. Moglegheitsstudien legg opp til ei vidareutvikling av idrettsparken som eit regionsenter for idrett og aktivitet. På grunn av begrensa areal i området, er det ikkje plass til å utvide fotballanlegga i tillegg til å tilby fleire aktivitetar. Ei eventuell utviding av fotballanlegg bør derfor skje ein annan stad i dei sentrale delane av kommunen.

Per dags dato er det ingen planar for ei slik utviding av fotballanlegga. Moglegheitsstudien viser utvida parkeringsanlegg under bakken. Moglegheitsstudien er retningsgjevande for vidare utvikling, men ikkje forpliktande av Knarvik idrettspark i regionsenteret. Den utelukkar til dømes ikkje utviding av fotballanlegget, men anbefaler det ikkje, då det vil gå på kostnad av andre idrettstilbod.

Denne KU-en vurderer ikkje kva tid det vil vere behov for utviding av idrettsanlegget like nøyaktig som dei andre tema – barnehage, barneskule og ungdomsskule. Å talfeste kor mange vil nytte idrettsanlegget i Knarvik per skulekrins i framtida er avhengig av individuelle interesser og blir for komplisert å beregne. Basert på moglegheitsstudiane som er gjennomført, vil Knarvik idrettspark få eit breiare idrettstilbod i framtida. Den etterspurde utvidinga av fotballanlegget vil ikkje realiserast nær planområdet basert på moglegheitsstudien. Arbeidet med planlegging av ønska symjehall vil truleg starte i løpet av nærmest framtid.

## 7. Avbøtande tiltak

### 7.1 Barnehage

Med den venta befolkningsveksten, vil det vere behov for utvida barnehagedekning i Knarvik skulekrins i 2040.

Avbøtande tiltak: Dei kombinerte føremåla med bustad/offentleg- eller privat tenesteyting/kontor opnar opp for moglegheit til å etablere barnehage innanfor planområdet. Behov for barnehage må vurderast ved framtidig detaljplanlegging.

### 7.2 Barneskule

Ny Knarvik barneskule er klar for bruk i løpet av 2019. Skulen har god kapasitet heilt fram til 2040, då den vil ha ei overdekning på 135 elevar.

Avbøtande tiltak: Ikkje naudsynt.

### 7.3 Ungdomsskule

Med venta befolkningsvekst, vil det vere behov for utvida ungdomsskule før 2025, då skulen vil ha ein underkapasitet på 35 elevar.

Avbøtande tiltak: Det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak i områdeplan Lonena. Kommunen har bevisstheit til at ungdomsskulen nært sagt er full og at den må utvidast, uavhengig av dette planframlegget. Det er sett av areal i reguleringsplanen til ungdomsskulen for mogleg utviding der den står i dag.

### 7.4 Idrettsanlegg

Det er behov for utvida fotballanlegg i dag.

Avbøtande tiltak: Det er ikkje naudsynt med avbøtande tiltak i områdeplan for Lonena. Kommunen har bevisstheit til at kapasiteten til fotballanlegget er nådd, uavhengig av denne planen. Eventuell utviding av fotballanlegget er tilrådd å skje ein annan stad i kommunen på grunn av plassmangel der idrettsparken er i dag.

## 8. Oppsummering og konklusjon

Denne konsekvensutgreiinga for sosial infrastruktur vurderer kva tid behovet for meir sosial infrastruktur slår ut, kva gjeld barnehage, barneskule, ungdomsskule og idrettsanlegg. Vurderinga er gjort basert på informasjon om kapasiteten i dag og befolkningsprognose. Befolkningsprognosatil Hordaland fylkeskommune frå 2018 ligg til grunn, men er justert i høve historisk geografisk og demografisk fordeling av befolkninga i Lindås kommune. Framtidig venta vekst i Knarvik er oppjustert med 5 prosentpoeng, då ein ventar at ein større del av befolkningsveksten vil skje her i framtida.

Ein legg i KU-en til grunn at områdeplanen ikkje vil ha innverking på befolkningsprognosat. Behovet for utviding av sosial infrastruktur kjem som resultat av ei ønska befolkningsvekst i regionsenteret Knarvik.

KU-en har fanga opp behov for utviding av barnehagedekninga i 2040 og utviding av ungdomsskulen før 2025 i tillegg til ønske om symjehall i Knarvik og ønske om utviding av fotballanlegget. Kommunen har bevisstheit til behovet for utviding av barnehage og ungdomsskule. Utviding av barnehagedekninga kan løysast innanfor planområdet til Lonena, dersom det er eit behov ved framtidig detaljregulering. Ungdomsskulen vil truleg utvidast i tilknyting med den plasseringa den har i dag, der det er satt av areal til meir offentleg tenesteyting i reguleringsplanen.

Kommunen veit også at tilgrensande fotballanlegg har behov for utviding i dag, samanlikna med etterspørselen. Arealet Knarvik idrettsanlegg er i ei moglegheitsanalyse ikkje vurdert som gunstig for utviding av fotballanlegget. Ei eventuell utviding av fotballanlegget må derfor skje ein annan stad i kommunen. Arbeid med planlegging av symjehall vil truleg starte i nær framtid.

## **Kjelder**

Hordaland fylkeskommune, 2018. *Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sine folketalsframskrivingar for 2018-2045.*

[http://statistikk.ived.no/hf/index.jsp?headers=tid&stubs=Region&Framskrivingsalternativslice=1&measure=common&Regionssubset=12+-+14%2C121+-+144%2C1256%2C1260+-+1266&virtualslice=Befolknings\\_value&layers=Kjnn&layers=alder&layers=Framskrivingsalternativ&layers=virtual&tidslice=2045&study=http%3A%2F%2F10.130.3.30%3A80%2Fobj%2FfStudy%2FFypr-2018-Bef&tidsubset=2018+-+2020%2C2025%2C2030%2C2035%2C2040%2C2045&Regionslice=12&mode=cube&alderslice=200&virtualsubset=Befolknings\\_value&v=2&Framskrivingsalternativsubset=1&alderssubset=200&measuretype=4&Kjnnsubset=3&cube=http%3A%2F%2Fstatistikk.ived.no%3A80%2Fobj%2FfCube%2FFypr-2018-Bef\\_C1&Kjnnslice=3&top=yes](http://statistikk.ived.no/hf/index.jsp?headers=tid&stubs=Region&Framskrivingsalternativslice=1&measure=common&Regionssubset=12+-+14%2C121+-+144%2C1256%2C1260+-+1266&virtualslice=Befolknings_value&layers=Kjnn&layers=alder&layers=Framskrivingsalternativ&layers=virtual&tidslice=2045&study=http%3A%2F%2F10.130.3.30%3A80%2Fobj%2FfStudy%2FFypr-2018-Bef&tidsubset=2018+-+2020%2C2025%2C2030%2C2035%2C2040%2C2045&Regionslice=12&mode=cube&alderslice=200&virtualsubset=Befolknings_value&v=2&Framskrivingsalternativsubset=1&alderssubset=200&measuretype=4&Kjnnsubset=3&cube=http%3A%2F%2Fstatistikk.ived.no%3A80%2Fobj%2FfCube%2FFypr-2018-Bef_C1&Kjnnslice=3&top=yes) Henta: 13.02.2019

Lindås kommune, 2015. *Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024.*

Lindås kommune, 2017a. *Regionalt kulturhus og badeanlegg i Knarvik, Analyse og konseptval, Førebels rom- og funksjonsprogram, Lokalisering, Gjennomføringsmodell.*

Lindås kommune, 2017b. *Kommuneplan 2017-2029, Samfunnsdelen.*

Lindås kommune, 2018. *Knarvik idrettspark, mulighetsstudie for utvidelse av eksisterende idrettsanlegg.* Norconsult

Regjeringen, 2006.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4225.pdf>

Henta: 06.11.2018